



# Årsmelding 2013

---

Hovudstyret for Sandsøy Idrettslag i 2013:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar	Endre Vorren
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor
Styremedlem	Knut Olav Skare
Varamedlemmer	Bendik Sande Oddbjørg Einang Olsen

Det har vore totalt fem (5) styremøter.

Idrettslaget har 65 betalande medlemmar, derav 30 tillitsvalde.  
Økonomisk status: Fjoråret enda med eit overskot på 79.700 kr.  
Detaljar er å finne i rekneskapen.

Medlemskontingent 2013:

Born (til og med 15 år)	50 kr
Vaksne	100 kr
Familiemedlemsskap	200 kr

HENDINGAR I 2013:

**Innbrot på klubbhuset.** To dører vart øydelagde og ei betydeleg mengd kioskvarer vart stolne då eit innbrot fann stad på klubbhuset natt til 29. juni. Saka vart raskt oppklara, men utsette møter med konfliktrådet har gjort at ei endeleg avgjerd rundt erstatningsspørsmålet lot vente på seg heilt til desember. Avtalen seier at den skuldige skal betale tilbake kr 8.893,75 innan 31.12.14. Takst for skadeverket vart utført av Vebjørn Strømsnes AS.

**Idrettslaget på Internett.** Ny nettside vart oppretta i 2012, og har vorte vidareutvikla og forbetra gjennom fjoråret. I tillegg vart det i 2013 laga ei Facebook-side, der informasjon m.m. vert publisert i Sandsøy Idrettslag sitt



namn. Blant anna er tre videoar frå baneopninga i 1982 gjort tilgjengeleg, og ved slutten av året passerte ein 100 såkalla "likarar".

#### AKTIVITETAR I 2013:

**Fotball.** Alle fotballaga har også i år vore i samarbeid med Kvamsøy IL. G13, G10 og J10 har delteke i serie/turneringar i regi av fotballkretsen. I andre halvdel av sesongen var også G/J7 med på Gursken Cup og Tare Cup. SIL arrangerte heimetturneringa for G10, og halvparten av heimekampane til G13 (4) gjekk på Oshaugane Stadion. Alle laga avslutta sesongen med fotballfest på Rosenlund 15. november.

**Kick Off.** Startskotet for fotballsesongen gjekk på Oshaugane Stadion 20. april, der alle laga vart presenterte og G13-laget spelte showkamp mot foreldra sine.

**Grendacupen.** Den 29. juni vart den årvisse fotballturneringa for aktive og inaktive seniorspelarar arrangert på Oshaugane Stadion med totalt fire deltakande lag og litt aktivitetar elles for dei yngste. Nok ein gong eit godt tilrettelagt arrangement, men det viste seg igjen at det ikkje er enkelt å engasjere nok spelarar til å delta. Fantastisk vår for tredje året på rad var blant dei einaste lyspunkta i og med at Kvamsøy stakk av med vandrepokalen for både aktiv og old boys.

**Trimbøkene.** Igjen imponerende mange signeringar i bøkene – auke til 7053 frå 6718 i 2012. Dei aller fleste "galningane" har halde ved like eller auka talet på turar og poeng. I løpet av året vart så godt som alle trimpostane utstyrt med nye kasser til bøkene – ei suksessfull investering. Det vart i fjor laga nye reglar for trimtilbodet. Born opp til 15 år får premie dersom dei har vore på alle postane, eller har oppnådd ein viss poengsum.

0-6 år	20 poeng
7-10 år	35 poeng
11-15 år	50 poeng



Desse fekk nok poeng eller har vore på alle postane:

Veronica Follestad	Ivar Mork Vorren
Sigfred Worren Nystøyl	Birger Isak Våge
Alvhild Våge	Torbjørn Baade
Henrik Mork Vorren	Agathe Beredu Skare
Juliane Voksøy Bringsvor	Ingrid Therese Baade
Sondre Voksøy Bringsvor	

Premie til dei som har vore flest gongar på kvar enkelt post:

Rinden:	Anders Bringsvor	326
Grøntua:	Anders Bringsvor	57
Dollsteinen:	Øyvind Vorren	67
Kletten:	Petter Toftesund	307
Trollhola:	Arnvald Bringsvor	12
Hellandsfjellet:	Tor Arne Bringsvor	47
Kleiveneset:	Ove Myklebust	78
Voksehaugen:	Monika Flatøy	78
Hellandsvågane:	Arnvald Bringsvor	43

Premie til dei tre med flest poeng:

1	Anders Bringsvor	2033
2	Eirik Voksøy Bringsvor	1065
3	Pavel Skobelev	1010

Ein ny post vart oppretta i 2013. "Sandslegene" er namnet på det som mange kallar "Stilla" – enden av fjellvegen som går frå Skare og austover. Denne er med i tilbodet for 2014. Det er rydda og merka sti frå Bringsvor. Denne kryssar stien frå Støyle som går opp Rinden (umerka). Flott tur også frå Skare.

**Friidrett.** Ein gjeng bestående av ti ungar pluss trenarar og foreldre reiste til Åheim på 1. mai-løpet der. Flott innsats av alle, naturlegvis. Fram til dette vart det halde treningar i gymsalen og ute med vekt på allsidig aktivitet og innføring av ulike friidrettsøvingar.



**Sjutoppsturen.** Arrangert for niande gong langfredag 29. mars. Godt vêr og null nedbør, men litt snø nokre stadar gjorde det litt utfordrande for mange. Start og mål ved Rosenlund. Totalt 221 deltakarar på toppeturen (mosjon og konkurranse), og 58 gjekk turmarsjen rundt Vågen. Fleire tilbakemeldingar om eit godt arrangement. Spesielt ein god jobb med merking og skilting av løypa.

#### RESULTAT KVINNER SENIOR

1 Anita Andersen 03:13:02

#### RESULTAT MENN JUNIOR

1 Martin Myskja 2:10:40

2 Ivar Andreas Alvsvåg 2:55:58

3 Geir Inge Myskja DNF

#### RESULTAT MENN SENIOR

1 Arve Rindal	01:40:25	9 Per Kristian Helland	02:24:57
2 Eirik Voksøy Bringsvor	01:44:19	9 Martinus Helland	02:24:57
3 Anders Bringsvor	01:48:56	11 Inge Johnny Hide	02:27:21
4 Thomas Myklebust	01:57:58	12 Alf Kristian Støyle	02:34:16
5 Martin Hauge-Nilsen	01:59:08	13 Tony Stian Våge	02:38:21
6 Pavel Skobelev	02:07:10	14 Tor Arve Reite	02:41:33
7 Bjørn Helland	02:19:02	15 Jan Ove Bringsvor	02:51:07
8 Martin Larsen	02:21:56	16 Asbjørn Dyb	03:03:06

SAMARBEIDSPARTNAR I 2013:



**SPAREBANKEN MØRE**

Styret i Sandsøy Idrettslag, 7. februar 2014